



Vigselsavgift i Balestrand – gjeldande satsar frå 1.1.2015

Vedtak i Balestrand sokneråd, sak 042/14, 09.12.2014:

Betalingsatsar knytt til vigsler i Balestrand sokn gjeldande frå 1.1.2015

1) Ved bruk av ei av dei tre kyrkjene soknet eig, har personar med lokal tilknytning rett på fri vigsle i soknet. Lokal tilknytning er i dette tilfellet definert ved at minst den eine av dei som ynskjer vigsle *sjølv* bur i Balestrand eller har *foreldre* buande i kommunen.

I andre tilfelle fakturerer Balestrand sokneråd inn **vigselsavgift** for å dekke ekstra kostnader vigsla medfører for kyrkjelyden. Avgifta bidreg til dekking av utgifter til organist, kyrkjetenar, reinhald, straum og administrasjon.

St. Olafs kyrkje høyrer til Den anglikanske kyrkja i Noreg og det vert kravd inn husleige som går til drift av kyrkja ved ei veneforeining. Vigselsavgift som gjeld St. Olafs kyrkje vil verte justert fortløpande i tråd med gjeldande husleigesats vedteken av «Vener av St. Olafs kyrkje».

Kyrkje	Par utan lokal tilknytning*	Par med lokal tilknytning
Tjugum/Kvamsøy**/Sæle kyrkje	kr 4000	kr 0
St. Olafs kyrkje	kr 5000 (av dette er kr.2000 husleige)	kr 1000 (husleige)

* Dersom brureparet sjølv stiller med organist vil avgifta verte redusert tilsvarende reelle organistkostnader. ** Ved vigsle i Kvamsøy kyrkje må brudeparet sjølv syte for skyss til øya.

2) I tillegg til vigselsavgifta til soknerådet kan det verte fakturert **godtgjering for presteteneste** (statleg avtale): Presteteneste ved vigsle er gratis for par der minst den eine er busett i Sogn prosti. For par som er busette utanfor prostiet har soknerådet teke på seg å fakturere for slik teneste på vegner av presten sin arbeidsgjevar Bjørgvin bispedømeråd. Denne delen av avgifta vil verte justert fortløpande i tråd med den gjeldande satsen vedteken av Bjørgvin bispedømeråd.

	Par busett utanfor prostiet	Par der minst ein er busett i prostiet
Godtgjering for presteteneste	kr 2900	kr 0